



KSK-notat nr.: 23/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Norsk Grønnkraft AS/Trøimsåne kraftverk		
Fylke/kommune:	Buskerud/Hemsedal		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Frank Jørgensen	Sign.:	
Dato:	29 APR 2013		
Vår ref.:	NVE 200805994 - 25		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Søknad om tillatelse til bygging av Trøimsåne kraftverk i Hemsedal kommune, Buskerud fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	13
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	16
NVEs vurdering	19
NVEs konklusjon	23

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Trøimsåne kraftverk i Trøimsåne og behandles i henhold til reglene i kap. 3 i samme lov. Det er søkt om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendige høyspentanlegg.

Prosjektområdet ligger nær Hemsedal sentrum i Hemsedal kommune i Buskerud fylke. Nedbørfeltet er 22,1 km² og renner ut i Hemsil midt i sentrum. Det omsøkte prosjekt vil utnytte fallet mellom kote 970 og kote 650, dvs. en fallhøyde på 320 meter. Ved planlagt inntak i Trøimsåne er middelvannføringen på 0,7 m³/s. En ev. utbygging vil fraføre vann på en 2,5 km lang elvestrekning. Rørgaten er planlagt på østsiden av elva og vil hovedsakelig bestå av tildekte rør i grøft der det vil være nødvendig med en del sprengning. Planlagt installert effekt vil bli på ca. 3,8 MW og med en maksimal slukeevne på 1,4 m³/s, noe som tilsvarer 200 % av middelvannføringen ved inntaket. Midlere årsproduksjon ble beregnet til 11,8 GWh, fordelt med 2,4 GWh vinterproduksjon og 9,4 GWh sommerproduksjon. Etter høringsrunden ble midlere årsproduksjon justert ned til 8,9 GWh grunnet nye hydrologiske beregninger. Det er foreslått slipp av minstevannføring i sommersesongen på 155 l/s og 33 l/s i vintersesongen. Utbyggingskostnaden er beregnet til 37,7 mill. kr.

De største konsekvensene av ei ev. utbygging er knyttet til friluftsliv, landskap, biologisk mangfold, og reduksjon av INON i et område med meget begrenset INON areal igjen.

Bortsett fra fylkeskommunen som påpeker at det er registret kulturminner i området og at Trøimsåne per i dag er definert som en vannforekomst med svært god økologisk tilstand er alle som har uttalt seg om tiltaket i mot utbyggingen.

En utbygging etter omsøkt plan vil gi om lag 8,9 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De tre siste årene har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse interessene ikke er av svært stor verdi eller dersom de kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom vilkår, så kan det gis konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

Trøimsåne ligger på motsatt side av skianleggene i Hemsedal. Sørsiden av dalen er preget av tekniske inngrep som følge av alpinanlegget og hytteutbygginger med veier og annen infrastruktur. På nordsiden av dalen framstår området i dag som urørt, og NVE har i sin vurdering lagt vekt på at tiltaket vil redusere inngrepsfrie områder med villmarkspreg. Områdets urørte preg og eksponering nær oppmerkede turstier er med på å forsterke allmenne interesser som landskap og friluftsliv. Trøimsåne utgjør et markant landskapselement med sin særegne bekkeløft ved de merkede turstiene langs vassdraget. Området er av høringsinstansene beskrevet som urørt og viktig for friluftslivet. NVE mener en utbygging som omsøkt i stor grad berører disse verdiene på grunn av redusert vannføring i Trøimsåne og flere tekniske inngrep som vil medføre til dels store og skjemmende sår i landskapet.

NVE finner etter en helhetsvurdering at fordelene ved tiltaket ikke overstiger skadene og ulempene for allmenne interesser som blir berørt. Kravet i vannressursloven § 25 er ikke oppfylt og konsesjon for etablering av Trøimsåne kraftverk kan dermed ikke gis.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Norsk GrønnkraftAS, datert 02.11.2011:

"Norsk Grønnkraft AS ønsker å utnytte vannfallet i Trøimsåne i Hemsedal kommune i Buskerud fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

I Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å bygge Trøimsåne kraftstasjon på kote 15

II Etter energiloven om tillatelse til:

- bygging og drift av Trøimsåne kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning."

Trøimsåne kraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	22,1
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	22,3
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	32
Middelvannføring	m ³ /s	0,7
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	44
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	155
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	33
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	970
Avløp	moh.	650
Lengde på berørt elvestrekning	km	2,5
Brutto fallhøyde	m	320
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,53
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,4
Slukeevne, min	m ³ /s	0,07
Tilløpsrør, diameter	mm	800
Tunnel, tverrsnitt	m ²	
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	
Installert effekt, maks	MW	3,8
Brukstid	timer	3105
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,8
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	7,1
Produksjon, årlig middel	GWh	8,9*
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	37,7
Utbyggingspris	kr/kWh	4,5

*Nye hydrologiske beregninger viste en mindre produksjon enn det som ble sendt på høring. I søknad på høring ble produksjonen oppgitt til 11,8 GWh/år. Fordeling mellom sommer- og vinterproduksjon er gjort av NVE ut fra samme forholdstall som i søknaden.

Trøimsåne kraftverk, elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	4,3
Spenning	kV	6,6
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	4,3
Omsetning	kV/kV	6,6/22
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	km	0,3
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

Høring og distriktsbehandling

Søknaden er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vært sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse. NVE var på befaring i området den 31.05.12 sammen med representanter for søkeren, kommunen, interesseorganisasjoner, brukere av området og grunneiere. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar.

NVE har mottatt følgende merknader til søknaden:

Hemsedal kommune sendte inn en foreløpig uttalelse til NVE den 23.02.2012 der de i utgangspunktet var positive til utbyggingen dersom det ble satt visse vilkår i en konsesjon. Etter NVEs befaring den 31.05.2012 kom det fram nye opplysninger som kommunen mente var av avgjørende betydning for saken. På grunnlag av de nye opplysningene og befaring i utbyggingsområdet gjorde Hemsedal kommune følgende vedtak i kommunestyret 26.06.2012:

"Hemsedal kommunestyre fremmar motsegn til søknad om utbygging av Trøysåne kraftverk ut i frå følgjande fakta i saka:

- 1. Den positive samfunnsmessige verdi vert vurdert å vere lågare enn opprinneleg søknad sidan det årlege produksjonsvolumet er redusert frå 11,8 GWh til 8,9 GWh (24,5%).*
- 2. Basert på orientering frå utbyggjar, og felles synfaringa av trase vil tiltaket enkelte stader innebere større terrenginngrep enn venta.*
- 3. Tiltaket vil få negative konsekvensar for friluftsliv i fri natur, verdifullt og sentrumsnært tur- og rekreasjonsområde, elvejuvet, to rødlisteartar og INON-område.*
- 4. Tiltaket er i strid med kommuneplanen sin samfunnsdel 2009-2021. I kapitlet om utbyggingsstrategi er det nedfelt at større samanhengande natur- og landbruksområde slik som nordsida av dalen Høgeloft-Skogshorn, skal skjermast.*

[...]

Vurdering:

I kommuneplanen er det lagt ei omsynssone/sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt i området kor utbygginga er tenkt. Føreseigna for denne sona er som følgjar:

Drikkevassforsyning (§11-8 a)

Innanfor nedbørsfeltet for drikkevasskjelda ved Tuv, Krikken, Trøimsåne og Torset vassverk, vert det ikkje tillate med bygging, deling av eigedom, ny aktivitet eller fysiske inngrep som kan medføre fare for forureining av vasskjelda.

Det må derfor vurderast om den omsøkte utbygginga medfører forureining av vasskjelda.

Søklar opplyser at vassverk forsynar ca. 50 personar. Vassuttaket frå elva skjer i høgde med grustaket. Søklar meiner at minstevassføringa vil ivareta vassforsyninga. Dei har ikke utgreia om tiltaket vil forureine vasskjelda. Det bør settast vilkår slik at ein unngår forureining av vasskjelda både i anleggsfasen og i driftsfasen.

I kommuneplanens samfunnsdel 2009-2021 er det nedfelt under kapittelet utbyggingsstrategi at større samanhengande natur- og landbruksområde slik som nordsida av dalen Høgeloft-Skogshorn skal skjermast. Trøimsåne ligg på nordsida av dalen mellom Høgeloft og Skogshorn. Ein utbygging av omsøkte tiltak vil vere i strid med kommunens vedtatte samfunnsdel.

Landskap

Trøimsåne renn gjennom eit landskap som består av blåbærbjørkeskog, engbjørkeskog og blåbærgranskog (i tiltaksområdet). Elva går på mye av strekningen i ei trang kløft med bratte bergvegger på både sider. Trøimsåne ligg nede i eit dalsøkk med Kyrkjebønosi på vestsida og Skurvefjell på austsida. Ved Kyrkjebøensgardane er det grusuttak på vestsida av elva. Uttaket framstår frå fleire stader som eit stort sår i landskapet. Like nord for grustaket ligg Kyrkjebøstolane, desse er ikkje lenger i drift. Vollane rundt stolane er registrert som naturbeitemark, verdi B (viktig). Skogen rundt Trøimsåne har vært nytta i tidlegare tidar til slått, beite og vedhogst. Framleis går det dyr på beite her (sau og kjøttfe).

Friluftsliv

Fra grustaket går det merke stig langs vestsida av elva til Steget og til Kyrkjebønosi. Sistnemnte er ein del av det meget populære Topp 20 programmet i Hemsedal. Her inngår 20 fjelltoppar av ulik vanskelegheitsgrad og kor ein får merke når alle er nådd. På austsida av elva til Halleino går det merke stig og det same gjer det over fjellet og ned til Fekjastolane. Det går og umerke stigar langs med elva på både sider inn til Trøimsbotn og mot Vestrebøttjedne. Vinterstid er det populært å køyre på ski frå Skurvefjell og ned mot Trøimsåne og vidare ned til Trøim.

Vilt

Det er ikkje registrert spesielt viktige leveområde for vilt eller trekkruiter i området. Arter som hare, lirype, rev, elg og hjort opptretr nok i området. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med villrein. Gjennom bio.mangfald rapporten som er utarbeida for området (vedlagt søknaden) er det registrert 2 par hekkande fossefall samt 1-2 par hekkande vintererle. Området antakast også å være hekkeområde for sporvefuglar.

Fisk

Nedre del av Trøimsåne (utanfor tiltaksområdet) er ødelagt som gyteområde for ørret på grunn av flaumsikring. Høgare opp i elva kan det vere bekkørret.

Vurderingar i høve til naturmangfaldlova

§ 7

§ 8-12 kjem til anvending i denne saka

§ 8 kunnskapsgrunnlaget, seier at offentleg avgjerd som rammar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitenskapeleg kunnskap om artar, naturtypar og økosystemet. Tiltaket vil ikkje få konsekvensar for trua/nær trua naturtypar, utvalgte naturtypar, prioriterte artar, verneområde, verna vassdrag, utvalgte kulturlandskap og MiS-område. Det er foretatt registreringar og gjort vurderingar i høve til tiltakets påverknad på naturverdiar, fisk, vilt, inngrepsfrie naturområde og biologisk mangfald. Det er Ecofact AS som har utført arbeidet.

Tiltaket vil påverke to nær trua arter på Norsk Rødliste 2010: gransildre og kort gubbeskjegg. Rapporten konkluderar med at verknadsomfanget for biologisk mangfald er middels negativt. Området blir vurdert til å ha middels verdi og konsekvensen vurderast i rapporten til å vere middels negativ.

I følge INON-kart til Direktoratet for naturforvaltning er det INON-område som ligg 1-3 km frå tyngre inngrep som blir berørt av ein eventuell utbygging til kraftverk. INON-område er område som ligg ein kilometer eller meir i luftlinje frå tyngre, tekniske inngrep, som til dømes større kraftilinjer, veger og vassdragsreguleringer. Jo lengre inn man kjem mot Trøimsbotn jo lengre kjem man unna tyngre, tekniske inngrep. Det foreligg og ein utgreiing/rapport for Trøimsåne som er gjort i samband med arbeidet med systematiske undersøkingar av bekkekløftar, eit prosjekt i regi av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 9 føre-var prinsippet, seier at ein skal være føre var ved avgjerd kor verknadene på naturmiljøet ikkje er kjent/utgreidd. Verknadene på naturmiljøet er kjent/utgreidd, men det vil alltid knytte seg ein viss usikkerheit til verknadene. I dette tilfellet bør prinsippet tilleggast mindre vekt da verknadene er relativt godt kjende.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning, seier at ein påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. I dag er det ingen inngrep i vassstrengen og influensområdet anna enn stigar, beite av husdyr og at elva er vasskjelda for 50 personar. Beite har foregått i "all tid" og har vært med på å utvikle den beitepåverka skogen. Beiting påverkar økosystemet, men i dette området er det ikkje ein negativ påverknad. Stigane har ikkje ein slik karakter eller påført slik slitasje at det får påverknad på økosystemet. Rapporten frå Ecofact konkluderar med at to rødlista artar mest sannsynleg vil bli påverka negativt, konkurransetilhøva i bekkekløftar/fossesprøytsonar blir annleis slik at artsamansetninga blir påverka. Kommunen kjenner ikkje til andre planar i området. Bekkekløfter og fossesprøytsoner er dårleg undersøkt i kommunen og situasjonen for det naturmangfaldet som blir berørt på kommunenivå er derfor usikkert. Den samla belastninga på økosystemet som følgje av bygging av vegtrase vil nok bli stor i anleggsfasen men avta i årene etter. Vegtraseen berører ikkje spesielle naturtypar eller rødlista arter.

§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar og seier at tiltakshavar skal dekke kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket volder, dersom dette ikkje er urimeleg, ut frå tiltakets og skaden sin karakter. Endringar i fuktregimet, kan i følge rapporten frå Ecofact, føre til endra konkurransetilhøve blant artane, som kan føre til at nokon artar dør ut. Dersom det blir gjeve løyve til tiltaket må det oppretthaldast den minstevassføringa som gjer at det ikkje blir endringar i fuktregimet. Det må ikkje nyttast framand frø til tilsåing. Matjord frå grøftane og førebels anleggsområde takast bort og lagrast

atskilt i anleggstida, slik at den kan leggest tilbake som øverste sjikt igjen etter ferdigstilling. For at området skal gro raskere igjen bør det leggest ferskt kuttet gras og anna vegetasjon frå tilgrensande område på grøfta/anleggsområdet. For å redusere påverknaden på fossefall må det etablerast trygge reirplassar og overnattingsstader.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, seier at ein skal nytte teknikkar og driftsmetodar som gjev minst påverknad på naturmangfaldet ut i frå ei samla vurdering av bruken av naturmangfaldet og økonomiske tilhøve. Den minstevassføringa som skal til for å sikre artsmangfaldet må oppretthaldast. Det må nyttast teknikkar som gjer minst mogleg skade på landskapet og vegetasjonen ved opparbeiding av vegtrase og rørlegging.

Folkehelse og barn og unge sine interesser

Influensområdet til tiltaket er nærområdet for bustadfeltet på Skogajordet og for Kyrkjebømsgardane og Kveen. Folkehelse og nærområdet for barn og unge er satt i fokus dei siste åra. Den merka stigen på austsida av elva vil bli ødelagt av vegtraseen. Tiltaket kan forringe opplevinga ved å ferdast i området.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er tenkt plassert på austsida av Trøimsåne ved Haug camping. Det er satt i gang planarbeid på Haug og området skal omregulerast til bustader. Kraftstasjonen vil også ligge i nærleiken av Øvre Trøim gard. Kommunen er bekymra for at eksisterande og nye bustader kan bli utsatt for støy frå kraftstasjonen. Kommunen ynskjer at alternativ plassering av kraftstasjon blir vurdert. Til dømes at denne kan plasserast høgare opp langs elva.

Avvegning

Fordelen ved tiltaket er at det produserast rein kraft og at energikjelden er fornybar. I høve til global oppvarming er det positivt og nytte vannkraft i staden for til dømes olje. Avvegninga her går på samfunnets trong for kraft og konsekvensar for miljø, naturverdiar og friluftsliv. I Hemsedal er Storevatn/Tisleia, Vavatn/Grøndøla/Fagerset/Brekkefoss, Bjøberg, Øljustjøen, Bjørnebergstølen og Hemsil 1 som påverkar mange vasspeil regulert til kraftutnytting. Det er få større elver som ikkje er regulert i kommunen i dag, Trøimsåne er ein av desse. Tiltaket ligg i nærområde til bustadfeltet på Trøim, det vil påverke landskapet negativt, det berører inngrepsfri område (INON-område), det får konsekvensar for rødlisteartar og artsamansetninga i bekkeløftar, det får negative konsekvensar for hekkande fossefall i området, det får negative konsekvensar for etablerte stigar/friluftsliv og tiltaket er i strid med kommuneplanens samfunnsdel. På bakgrunn av dette er det uheldig at det blir gjeve løyve til tiltaket utan at det forelegg ein samla plan for småkraftverk i kommunen.

Dersom det blir gjeve løyve til tiltaket bør det settast vilkår når det gjeld vegtraseen, plassering av kraftstasjon og bruk av motorkøyretøy ved tilsyn av inntaket. Vegtraseen må bli tilsådd slik at bakken får grasdekke. Det er viktig at dette er stadeigne frø/gras. Vegbredden må vurderast, den bør ikkje vere bredere enn at naudsynt tilsyn kan bli gjennomført. Traktor og større køyretøy sett meir spor i terrenget enn til dømes ATV. Det bør vurderast å sette vilkår til kva for køyretøy som er tillatt å nytte til naudsynt tilsyn. All anna motorisert ferdsel i traseen bør ikkje tillatast. I høve til faren for støy frå kraftstasjonen for omkringliggande eksisterande og framtidige bustader bør plassering av denne vurderast nøye. Avbøtande tiltak må og vurderast til dømes omlegging av stigtraseen som blir ødelagt og større minstevassføring for å sikre eksistensen til rødlisteartar.

Konklusjon:

I Hemsedal er Storevatn/Tisleia, Vavatn/Grøndøla/Fagerset/Brekkefoss, Bjøberg, Øljusjøen, Bjørnebergstølen og Hemsil 1 som påverkar mange vasspeil regulert til kraftutnytting. Det er få større elver som ikkje er regulert i kommunen i dag, Trøimsåne er ein av desse. Tiltaket ligg i nærområde til bustadfeltet på Trøim, det vil påverke landskapet negativt, det berører inngrepsfri område (INON-område), det får konsekvensar for rødlistearter og artsamansetninga i bekkekløftar, det får negative konsekvensar for hekkande fossefall i området, det får negative konsekvensar for etablerte stigar/friluftsliv og tiltaket er i strid med kommuneplanens samfunnsdel. På bakgrunn av dette er det uheldig at det blir gjeve løyve til tiltaket utan at det forelegg ein samla plan for småkraftverk i kommunen.”

[...]

Fylkesmannen i Buskerud uttaler følgende i brev av 28.03.2012:

”Norsk Grønnkraft søker om å bygge kraftverk i Trøysåne i Hemsedal. Fylkesmannen kan ikke anbefale at det gis konsesjon til bygging av kraftverket. Fylkesmannen begrunner dette med at inngrepet vil få betydelig negativ effekt med hensyn på tap av inngrepsfrie områder, for sårbare arter, viktige bekkekløfter og uberørt landskap. Inngrepet vil også endre tilstanden i øvre deler av elva fra meget god til moderat miljøtilstand som følge av redusert vannføring.

[...]

Ved søknaden ligger det naturfaglig utredning. Fylkesmannen har sammen med NVE og utbygger vært på to befaringer i området. Gjennom dette anses derfor forutsetningene å være til stede i forhold til at offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal bygge på tilstrekkelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger (ref § 8 og § 9 i Lov om forvaltning av naturens mangfold.)

Fylkesmannen var som tidligere nevnt, skeptisk til alternativ II med inntak på kote på 1020. Konsesjonssøknaden inneholder ikke noe alternativ med tunnel. I tillegg viser den naturfaglige utredningen at inngrepet vil få stor negativ effekt i forhold til tap av inngrepsfrie områder (INON), og middels negativ effekt i forhold til biologisk mangfold. Det er bl.a. påvist tre nasjonale rødlistearter i influensområdet. Det er også viktige, naturtypiske bekkekløfter med fossesprøytoner som vil bli negativt berørt gjennom betydelig redusert vannføring.

Miljøtilstanden i øvre del av Trøysåne er i tillegg karakterisert som meget god (ref. Vann-Nett). Etablering av kraftverk vil endre miljøtilstanden i øvre del av elva i betydelig grad til moderat. Øvre del av Trøysåne anses også å ha et landskapsmessig, uberørt preg, med til dels storslått natur i forhold til et rekreasjonsmessig aspekt.

Konklusjon

Fylkesmannen mener at det omsøkte kraftverk ikke er akseptabelt ut fra en helhetlig naturfaglig vurdering med vekt på tap av trua sårbare arter og naturtyper, samt tap av generelt biologisk mangfold. Inngrepet medfører også til vesentlig tap av inngrepsfrie områder. Også ut fra et landskapsmessig aspekt med variert bekkenatur i øvre deler, anses inngrepet å få vesentlig negativ effekt ved redusert vannføring, demning, anleggsveg og rørgate. Basert på inngrepets karakter med betydelig bortfall av vann store deler av året, vil

også øvre del av Trøysåne få endret miljøtilstand fra meget god til moderat i forhold til Vannforskriften.

Fylkesmannen kan derfor ut fra allmenne hensyn med hensyn på viktige, naturfaglige verdier, ikke anbefale at det gis konsesjon for Trøysåne kraftverk”

Buskerud fylkeskommune uttaler følgende i brev av 28.02.2012:

”Automatisk freda kulturminne

Me har opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne ved planlagt røyrgate. Det dreier seg om ei kolgrop (Id 22490). Ut frå tilsendte kart er det vanskeleg å sjå om det er direkte konflikt, men det er skildra at kolgropa skal liggje om lag 40 meter frå traseen, og soleis går klar. Dersom kolgropa er i konflikt må det søkast om dispensasjon for denne før tiltak kan starte, jamfør kulturminnelova §8,1.

Registreringane av automatisk freda kulturminne som er gjennomført i samband med utarbeiding av økonomisk kartverk, er ofte mangelfulle. Me må derfor gjennomføra registreringar før me kan uttala oss til planen. Dersom det er slik at det vert gjort funn av automatisk freda kulturminne som ligg i konflikt med planlagt tiltak, må ein vurdere om ein må søke dispensasjon for desse, jamfør kml §8, 1. Dette kan me berre gi ei tilbakemelding på når det er utforma ein registreringsrapport. Fylkeskommunen kan ikkje gi sin endelege uttale i høve til kulturminner før registrering er gjennomført.

Me syner til Kulturminnelova sin §§ 8 og 9 om undersøkingsplikta ved planlegging av offentlege og større private tiltak. Det er ein fordel at registrering av automatisk freda kulturminne går føre seg så tidleg som mogleg for å unngå konflikter seinare i prosessen. Slike registreringar må gå føre seg på bar og frostfri mark. Utgifter til slik gransking må dekkast av tiltakshavar jfr. lovens § 10.

[...]

Vannforvaltning

Trøysåne ligger i vannområde Hallingdal i vannregion Vest-Viken. Arbeidet med å utarbeide forvaltningsplan i henhold til forskrift om rammer for vannforvaltningen er påbegynt og følger fremdriftsplanen i fastsatt planprogram. Forvaltningsplanen godkjennes i 2015 ved kongelig resolusjon.

Pr. februar 2012 er den økologiske tilstanden i Trøysåne definert til svært god og den kjemiske tilstanden er udefinert. Registrerte påvirkninger har liten effekt og Trøysåne er karakterisert til ingen risiko med hensyn på å nå vannforskriftens miljømål i 2021. Vannforekomsten er ikke utpekt som kandidat til sterkt modifisert vannforekomst pr. dato.

Buskerud fylkeskommune ber NVE om å vurdere tiltaket etter vannforskriftens § 12 (om ny aktivitet og nye inngrep) og særskilt om vilkårene etter § 12 annet ledd oppfylles.”

Naturvernforbundet i Buskerud uttaler følgende i brev av 28.02.2012:

[...]

"Vurdering:

Området ligg på nordsida av Hemsedal. Det er i eit område som politikarane har skjerma for inngrep. Tiltaket er i strid med vedteken kommuneplan. Området ligg i nærleiken til Skogajordet bustadområde, og Trøim sentrum.

Turstigen på austsida av elva vil bli øydelagd av røytrase og anleggsveg. Dette er ein stig som i dag blir mykje brukt av både lokale innbyggjarar, og turistar. Inngrepet vil forringe naturopplevinga for desse betydeleg.

Tiltaket vil påverke to raudlisteartar: gransildre og kort gubbeskjegg. Ei endring av vassføringa vil sannsynlegvis påverke konkurranseforholda og påverke raudlisteartane negativt. (Kilde: Ecofact AS)

Det hekkar både fossefall og vintererle i området. Mindre vassføring i elva vil gjera området mindre eigna som hekkplass for desse.

Ifølgje INON-kart til Direktoratet for naturforvaltning er det INON-område som ligg 1-3 km frå tyngre inngrep som blir berørt av ei eventuell byggjing av kraftverket.

Konklusjon:

Trøimsåne er ein av få større elvar i Hemsedal som ikkje er regulert i kommunen i dag.

Inngrepet ligg i nærområdet til bustadfeltet på Trøim, og Trøim sentrum. Det vil påverke landskapet negativt, og det berører inngrepsfritt område (INON-område). Tiltaket vil få konsekvensar for raudlisteartar og artssamansetjinga i bekkeløfter. Det får negative konsekvensar for fossefall og vintererle i området.

Området er eit mykje brukt friluftsområde for nærområde og turistar. Inngrepet påverkar stigar og landskapet, noko som gjer at friluftslivet blir skadelidande.

Dersom tiltaket blir gjennomført er det i strid med samfunnsdelen i kommuneplanen for Hemsedal.

Naturvernforbundet i Buskerud vil på det sterkaste fråråde at Grønnkraft AS får konsesjon på byggjing av kraftverk i Trøimsåne."

Hemsedal Turisttrafikklag uttaler følgende i brev av 23.05.2012:

"Fri natur er en tidløs kvalitet, en ressurs for all framtid. Hemsedals særmerke er det storslåtte og urørte alpine fjell-landskapet som reiser seg fra dalen og bosettingen gjennom hele bygda. Like mye som det er åpnet opp for kommersiell reiselivsutvikling på sørsiden av dalføret, er det slått ring om den frie naturen på nordsiden. Dette er nedfelt med tverrpolitisk enighet i kommuneplanen. Hemsedal vil verne om fri og urørt natur på nordsiden av dalen, fra Skogshorn til Høgeloft. Hemsedal Turisttrafikklag stiller seg bak kommuneplanen.

Siden Heimsilutbyggingen på 1950 tallet har en tørrlagt elvestrekning mot Gol vært et lite vennlig møte med Hemsedalsnaturen. I dag har ikke Hemsedal mange større urørte vassdrag.

Midt på 1980 tallet var Httl initiativtaker til folkeaksjonen mot utbygging av Mørkedøla. Den gangen det mest økonomisk attraktive gjenstående kraftutbyggingsprosjekt i Buskerud.

Argumentasjonen gikk m.a. på elva som livsnerve i dalen, Rjukandefossen som symbol og turistattraksjon, og fiske som ressurs med enda større potensiale som turistprodukt. Mørkedøla aksjonen fikk full oppslutning i bygda, og ingen har tvilt på at aksjonen var viktig og riktig for Hemsedal.

Hemsedal må stille lignende spørsmål i dag. Hva betyr fri natur for bygda, for reiselivsproduktet, og for framtida. Bygdesenteret er i rask vekst og tar mer og mer form som en liten norsk bygdeby. Her skal en voksende befolkning bo og trives, de aller fleste med sysselsetting i turismen. Trøimsåne og landskapet rundt er nærmiljø med fri natur, juv, foss, is, fauna, flora. Dette er kvaliteter opp mot nye trender i friluftslivet, som også kan bety nye turistprodukt og arbeidsplasser.

I Hemsedal er 85 % av sysselsetting knyttet til reiselivet. Naturen er ressursgrunnlaget. I det lyset, og spesielt for en kommune som Hemsedal, er det svært betenkelig at småkraftsaker behandles etter Energiloven og knapt nok gir anledning til åpen diskusjon og lokalpolitisk behandling.

Sammen med Hemsedal kommune stiller Httl seg også bak bærekraftprinsippene i Regional delplan for reiselivet i Buskerud 2010 – 2016, vedtatt i Fylkestinget. En plan som har sterkt fokus på bevaring av natur, kultur og miljø, der det i den såkalte Buskeruderklæringen m.a. står:

Kulturell rikdom:

Å respektere, videreutvikle og fremheve lokalsamfunnets historiske kulturarv, autentiske kultur, tradisjoner og særpreg.

Landskapets fysiske og visuelle integritet:

Å bevare og videreutvikle landskapskvaliteter, både for by og bygd, slik at landskapets fysiske og visuelle integritet ikke degraderes.

Biologisk mangfold:

Å støtte bevaringen av naturområder, dyreliv og habitater, og minimere ødeleggelser av disse.

Lokal livskvalitet og sosiale verdier:

Å bevare og styrke livskvaliteten i lokalsamfunnet, inkludert sosiale strukturer, tilgang til ressurser, fasiliteter og fellesgoder for alle.

Bærekraftig utvikling er en utvikling som tilfredsstiller dagens generasjoners behov uten at det går på bekostning av fremtidige generasjoners muligheter til å tilfredstille sine behov. (Brundtlandkommisjonen 1987)

"Fjellbygda Hemsedal skal være Skandinavias mest attraktive reisemål for fjellsport og unike kulturopplevelser". Dette er Httl sin stolte visjon. Den er ikke forenlig med et naturinngrep som påtenkt kraftregulering av Trøimsåne vil medføre."

Vener av Trøimsåne uttaler følgende i brev av 13.06.2012:

"om bygging av kraftverk i Trøimsåne som

- vil ta villskapen frå Åne i eit makelaust gjel (1/5 vassføring sumarstid)*
- vil skada eit sjeldsynt planteliv (Norsk Institutt for Naturforskning, 2008)*

- vil gje banesår til urnorsk landskap (bulldosere og sprengstoff i Trøysmlii)
- vil vera til lita nytte lokalt _ berre 1/5 av produksjonen i vinterhalvåret
- vil ikkje hjelpa oss ut av klimakrisa verda treng energieffektivisering!
- vil sumarstid saman med anna subsidiert, "grøn" kraft føra med seg at Norden blir oversvømmet av billig kraft på sikt... (sitat Europower 3/12)
- vil berre vera til bate for få grunneigarar, medan skadane går ut over naturbasert reiseliv i ein kommune med 8 av 10 knytt til denne næringa

Uttalelsen til Vener av Trøimsåne kommer på 35 A4 sider og NVE har derfor valgt å oppsummere følgende oppsummert følgende fra uttalelsen:

Vener av Trøimsåne har gjort en grundig redegjørelse for elvas betydning som landskapselement og for friluftslivet. Høringsuttalelsen inneholder en rekke bilder illustrerer elva og området som vil bli berørt av en ev. utbygging. Det er i uttalelsen lagt betydelig vekt på verdien av ikke prissatte verdier som landskap, friluftsliv og biologisk mangfold samtidig som de prissatte verdiene som verdiskaping og inntekter blir sett på som ubetydelige.

Nils Faarlund uttaler følgende i brev av 29.05.2012:

[...]

Fri natur er meire verd enn det han kan seljast for. Norsk Grønnkraft AS syner i søknaden om konsesjon for Trøimsåne kraftverk inga forståing av kva åne med landskapet i kring tyder for eigenverd, naturglede, identitetsdanning og som nasjonalt symbol. Selskapet seier i søknaden om konsesjon at

"rørgaten vil medføre inngrep i vegetasjonen, men området der rørgaten er planlagt består for en stor del av vanlige og trivielle vegetasjonstyper og vil med tiden gro til igjen."

og viser til egen biomangfoldsrapport, der det står å lesa at

"Samlet sett konkluderer den biologiske mangfoldsrapporten med at området har middels verdi og at konsekvensene av utbyggingen er middels negative" (Biologisk mangfoldsrapport utført av Ecofact for Norsk Grønnkraft AS, Vedlegg 8 i søknaden).

Selskapet gjev utan kommentar her att ein kategori som fagbiologar nyttar seg av: "Middels verdi". Den eineståande "lokaliteten" Trøysmlii blir gjort "triviell" med adjektivet "middels". Ein rapport til Direktoratet for naturforvaltning (DN) bruker adjektivet "viktig". Likevel kjem vassdraget ut med "verdi B" i ei verdsetting for heile landet.

Med lakonisk valg av ord kan ein lure unna at Trøysmlii i hundervis av meter renn i eit makelaust elvegjel med skulpturar, holer, bogar og gjettegryter. Om vegen opp den bratte Trøysmlii med fjell i dagen får vi veta at

"Det planlegges en rørgate og en atkomstvei fra inntaksdammen og ned til den planlagte kraftstasjonen. (...) Det vil bli gravd ned en 2700 m rørgate i skråningen ovenfor elven på østsiden. Veigrøfter vil bli sådd til og vil således ikke være svært synlig etter noen år."

"Veigrøfter vil bli sådd til og vil således ikke være svært synlig etter noen år", kan vi lesa. Dei mange kraftanlegga i Hemsedal syner at anleggsvegane ikkje går i rett line i bratt lende. Med skjæringar og fyllingar er dei eit halvt hunder år seinare svære sår i landskapet

Det er tradisjon for at saksdokument for "omdisponering" av fri natur her i landet brukar vitsskapeleg språk. Naturvitskapen omtalar fri natur på ein objektiv måte. Det vil seie ein verdifri måte. Ein fri natur som er rik på form og farge, blir sterilisert. Den kalde måten å uttrykka seg på tek bort "naturens mystikk". Slike kategoriar gjev ikkje på noko vis att det affeksjonsverd fri natur har for nordmenn – sjå undersøkingane som Miljøverndepartementet publiserte i 1993 og 2001.

Sagt med andre ord er det ikkje mykje Ja, vi elsker dette landet å spora i det ingeniør-språket søknaden om konsesjon for Trøimsåne kraftverk brukar. Kva politikarar i Hovudutval Plan og Ressurs i Hemsedal fekk ut av ut av ei slik omtale av åne veit vi. Med "verdi B" og verknadane av ei kraftutbygging rapportert som "middels negativ", opna fleirtalet for utbygging - mot innstillinga frå rådmannen. Den 31. mai var det synfaring. Da fekk politikarane i Hemsedal høve til å bruka alle sansane sine, slik 9 av 10 nordmenn gjer. Om dei går med på eit nytt ran av fri natur frå friluftslivet i Trøymsliv, får det og samstundes økonomiske konsekvensar. Slik hemsedolane har stelt seg med 1300 av 1500 arbeidsplassar som står seg på turisttrafikken (jfr TØI-analysen), blir det og eit nytt og alvorleg trugsmål mot ei næring i økonomisk krise."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev/e-post av 21.05.12 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

"Uttalelse fra Hemsedal Kommune:

- 1. Hemsedal kommune stiller seg i utg.pkt. positive til at Trøimsåne kraftverk kan byggjast, (...), men gir ei førebels uttale.(...) Endeleg uttale kjem etter ei felles synfaring og orientering av NVE.*
- 2. Produksjonen frå kraftverket bidreg positivt til å forsyne marknaden med rein og fornybar energi. Føremonene er klart større enn ulempene ved prosjektet.*
- 3. Tiltaket er ikkje i strid med kommunale planer og har liten påverknad på friluftsliv i områdene.*
- 4. Trøimsåne er vasskjelde til ca. 50 personar. Utbygginga må ikkje medføre forureining av vasskjelda.*
- 5. Vegtrase og røyrgate må bli tilsådd og få grasdekke. Helst ved bruk av stadeigne frø/gras.*
- 6. Vegtraseen må ikkje verta breiare enn naudsynt.*
- 7. Vegtrase må ha javnleg med tørrgrøfter slik at overflatevatn renn ut av vegen og inn i terrenget ved sida av. Dette for å redusere mogle erosjon.*
- 8. Vegtraseen skal ikkje nyttas til anna trafikk enn naudsynt tilsyn av anlegget og då med køyretøy som gjev minst mogleg skade, t.d. ATV.*
- 9. Kraftstasjonen må plasserast og byggjast slik at støy i høve til noverande og framtidige bustader vert minst mogeleg. Normale støykrav er retningsgjevande.*
